



Vinje- Eit mangfald av folk og mykje skaparkraft

Folkevekst i Vinje -Tiltak for auka innbyggartal

VINJE KOMMUNE, 2021



Innhald

| | |
|--|----|
| Samandrag..... | 3 |
| Ord og uttrykk | 6 |
| Innleiing..... | 7 |
| Overordna målsetjing og resultatmål..... | 8 |
| Vinje utfordrar framtida og er ein god stad å vere for alle..... | 8 |
| Satsingsområde..... | 8 |
| Attraksjonskraft | 9 |
| Arbeidsplassar/næringsutvikling og urbane kvalitetar | 11 |
| Bustadar | 14 |
| Inkludering og sosiale treffpunkt..... | 15 |
| Kontinuitet, driv og samhandling (gjennomgripande)..... | 16 |
| Økonomiske verkemiddel (gjennomgripande)..... | 17 |
| Oppsummering av satsingsområda..... | 17 |
| Tiltaksplan | 17 |
| ATTRAKSJONSKRAFT | 19 |
| | |
| ARBEIDSPlassar, NÆRINGSUTVIKLING OG URBANE KVALITETAR..... | 21 |
| BUSTADAR..... | 24 |
| | |
| INKLUDERING OG SOSIALE TREFFPUNKT | 25 |
| KONTINUITET, DRIV OG SAMHANDLING (GJENNOMGRIPANDE) | 27 |
| ØKONOMISKE VERKEMIDDEL (GJENNOMGRIPANDE)..... | 29 |
| | |
| Vedlegg..... | 30 |
| 1. FNs berekraftsmål-mål og delmål | 30 |
| 2. Ti råd frå ungdommens distriktspanel | 30 |
| 3. Resultat frå kartlegginga 21.10.2021..... | 30 |
| 4. Oppsummering Relocate Vinje Intervju og Workshop 1. | 30 |
| 5. Framdriftsplan Relocate Vinje | 30 |
| 6. Idébank for folkevekst i Vinje | 30 |

Foto framside: Tone Skau Jonassen

Samandrag

I samband med kommunestyrets tilslutning til å motverke fråflyttinga frå Vinje (11.02.2021 PS 21/1- *Orientering om folketalsutvikling i Vinje kommune*), er det gjennomført eit forprosjekt og utarbeidd ein tiltaksplan for å få fleire til å bli verande samt å flytte til Vinje.

Gjennom litteratursøk, intervju, arbeidsverkstader og ei elektronisk spørjeundersøking retta mot unge vaksne og hytteeigarar, er det identifisert satsingsområde og tiltak for å nå målet om auka innbyggjartal med 200 på seks år.

Seks satsingsområde er avdekt for å auke folketalet i Vinje; *Attraksjonskraft, Arbeidsplassar, næringsutvikling og urbane kvalitetar, Bustadar, Inkludering og sosiale treffpunkt, Kontinuitet, driv og samhandling og Økonomiske verkemiddel.*

Attraksjonskraft: Resultata syner at Vinje-samfunnet inneheld mange kvalitetar. Det som peika seg mest ut var naturopplevingar, frisk luft, ski og turløyper, opplevinga av ro, levande kulturlandskap, og raskt internett. Andre positive moment som blei trekt fram var ein offensiv og utviklingsorientert kommune, og Vinje som ein heilårsdestinasjon for turisme.

Døme på tiltak:

- Marknadsføringa av kvalitetane i Vinje ovafor potensielle tilflyttarar og i stillingsannonsar.
- Opplysning og informasjonskanalar retta mot kommunens innbyggjarar og potensielle tilflyttarar på engelsk.
- Direkte kontakt med unge bortebuande studentar/arbeidande unge vaksne frå Vinje.

Arbeidsplassar, næringsutvikling og urbane kvalitetar: Kartlegginga syner at arbeid er særskild viktig for å få nye innbyggjarar til Vinje. Unge vaksne ynskjer eit breiare utval av stillingar og fleire høgteknologiske verksemder, og det er ynskje om eit meir variert jobbtillbod som gjev utviklingsmoglegheiter. Undersøkinga har avdekt behov for å stimulere til entreprenørskap, etablere kontor- og verkstadfelleskap i bygdesentra.

Døme på tiltak:

- Tilrettelegging for kontor- og verkstadfelleskap i bygdesentra
- Innhente kompetanse frå hyttebebuarar
- Samarbeid med nabokommunar og verksemder om utvikling av nye arbeidsplassar

Bustadar: Resultata syner ein knappheit på ledige bustadar. Situasjonen er mest prekær på Rauland og i Åmot. Kartlegginga avdekte behov for ein miks av leilegheiter i bygdesentra til ein rimeleg pris og utleige, testing av mikrohus og prøvebustader. Det er og nokon som ynskjer å flytte til Vinje, som er på jakt etter små gardsbruk.

Døme på tiltak:

- Delta aktivt i småbrukprosjektet
- Leggje til rette for aldersvenlege bustadar

- Etablere ein miks av bustadar i bygdesentra

Inkludering og sosiale treffpunkt: Resultata frå arbeidsverkstadar og intervju syner eit behov for å styrke innsatsen for eit meir raust Vinje samfunn. I høve til inkludering av nye tilflyttarar og ta vare på dei som allereie bur i Vinje, syner spørjeundersøkinga at direkte kontakt og sosial treffpunkt er viktige.

Døme på tiltak:

- Markering av Pride for å synleggjere verdsetting av mangfald i Vinje
- «Vinjefadrar» i bygdesentra
- Bli kjent tur og velkomstpakke til nye innbyggjarar

Kontinuitet, driv og samhandling: Resultata er eintydige når det gjeldt viktigheita av kontinuitet, driv og samhandling i arbeide med å auka innbyggjartalet i Vinje. Lokalt engasjement og eldsjeler er avgjerande for å utvikle eit bygdesenter og skape gode møteplassar for tilflyttarar. Samstundes syner resultata frå intervju og drøftingar, at det er behov for forankring og samspel mellom kommuneadministrasjonen, kommunestyret og innbyggjarane. Dette satsingsområdet er gjennomgripande i tema ovafor.

Døme på tiltak:

- Etablering av ei «sjekklister» for framdrift og måloppnåing
- Innbyggjarpanel
- Brubbyggjartreff

Økonomiske verkemiddel: Resultata frå intervju og drøftingar med verksemder og kommunalt tilsette har avdekt behov for t.d. støtte til bustad for unge etablerarar, stipendordning for ulike yrkesgrupper, finansiering av ei stilling som «Vinjeambassadør», stønad til drift og investering i skiheisanlegg i Vinje og stønad til frikjøp av tilsette i private små verksemder for deltaking i Næringsforum. Satsingsområdet er gjennomgripande i områda ovafor.

Døme på tiltak:

- Stipendordning for fleire yrkesgrupper enn sjukepleierar
- Vinjeambassadør
- Flytte til Vinje-kampanjen (studentar ved USN campus Rauland)

Tiltaksplan: Svært mange tiltak har kome fram under dei ulike satsingsområda, og utgjer ein rikholdig meny for å nå målet. Dei ulike tiltaka innunder kvart satsingsområde er vekta m.o.t kor sannsynleg det er at dei vil gje ønska effekt med minst mogleg innsats samt FN's berekraftsmål. Tiltaka syner kva som kan gjerast, kven som har ansvaret, deltakarar, når det bør gjennomførast og tilrådd prioritering.

Av tiltak som scorar best er det tiltak som femner om ei satsing innanfor oppfølging av unge vaksne og hytteeigarar som ynskjer å busetta seg her, attraksjonskraft, utvikling av

studietilbud og bustader ved USN campus Rauland og stimulering av frivillig arbeid som t.d. «Liv i Vinje».

Dei gjennomgripande satsingsområda *Kontinuitet, driv og samhandling* og *Økonomiske verkemiddel* synast avgjerande for å lykkast med å auke innbyggjartalet i Vinje. Dvs. taka vare på dei som allereie bur her, og få fleire til å flytte til Vinje.

Ord og uttrykk

| | |
|---------------------------|--|
| Demografi | Demografi er befolkningslære eller befolkningskildring. Faget beskriv og forklarer storleiken på befolkningar, alders- og kjønnsfordeling, geografiske fordeling, og dessutan dei demografiske komponentane fruktbarhet, død og migrasjon (flytting). |
| FNs Berekraftsmål | FNs berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempa mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Dei 17 måla har stor innverknad på norsk politikk - både i kommunar og lokalsamfunn og nasjonalt. |
| COM 3 | Vinje kommune tar del i det europeiske Interreg-prosjektet COM3, som skal styrke kommunen sitt arbeid med næringsutvikling. Det overordna målet med prosjektet er å styrke kommunar, fylke og regionar si rolle som støttespelarar for det lokale næringslivet, i fyrste rekke når det gjeld kompetanse innan digitalisering. |
| innbyggjarpanel | Eit innbyggjarpanel er ei elektronisk samling av innbyggjarar som har sagt ja til å delta i utvikling av kommunale tenester og lokalsamfunn. Panelet skal inviterast til å delta i undersøkingar. Det kan òg vera aktuelt å invitera delar av panelet til å prøva ut nye former for dialog og samskaping. Dette kan til dømes vera fokusgrupper som utforskar og foreslår løysingar på aktuelle problemstillingar. |
| Mikrohus | Mikrohus er ein internasjonal trend som også brer seg i Noreg. Dei krev mindre bruk av bygningsmaterialar og tomter, og kan gi rimeligare og meir miljøvennlige bustadar. Husa kan vera fast fundamentert i grunnen, stå på hjul eller på tilhengar. Mikrohus er framtidsretta, klimavennlege, består av miljøvennlige materialar, brukar lite energi og gjer et minimalt fotavtrykk. |
| Relocate AS | Rådgjevingsselskap som er engasjera av Vinje kommune, for å etablere ein eigen tilflyttar nettstad med digitale møteplassar for potensielle tilflyttarar og marknadsføring av Vinje samfunnet. |
| Pride | Pride, er ei feiring av skeiv kjærleik og mangfald. Sidan tidleg 1980-tal har pride-feiringane satt sitt preg på norske byar og tettstadar, og gjort det skeive miljøet stadig synlegare i det norske samfunnet (kjelde, SNL) |
| USN campus Rauland | Universitetet i Sørøst-Noreg, studiestad Rauland i Vinje kommune. |
| Vinjeambassadør | Dedikert person som koordinerer og følgjer opp arbeidet med å auke innbyggjartalet i Vinje. |
| | |

Innleiing

I samband med oppfølging av NOU 2020:15 *Det handlar om Norge –Berekraft i heile landet*¹ (Ei utgreiing om konsekvensar av demografi utfordringar i distrikta), og kommunestyrets tilslutning til å motverke fråflyttinga frå Vinje (11.02.2021 PS 21/1- *Orientering om folketalsutvikling i Vinje kommune*), er det gjennomført eit forprosjekt og utarbeidd ein tiltaksplan for å få fleire til å bli og flytte til Vinje. Denne rapporten går til kjeldene som låg til grunn for tilslutninga frå kommunestyret.

Organisering:

Tidsperiode; 1. mai - 1. november 2021

Styringsgruppa; Jan Myrekrok (rådmann), Anders Sandvik (Ass. rådmann), Gry Åsne Aksvik (Plan- og økonomisjef), Knut Martin Edland (Næringssjef) og Kari Dalen (Helse og omsorgssjef).

Prosjektleder: Tone Skau Jonassen (Rådgjevar, plan)

I forprosjektet har følgjande blitt undersøkt:

- Kva har Vinje og andre liknande kommunar gjennomført tidlegare, som me kan dra nytte av for å få auka innbyggartalet?
- Kva er viktig for at ungdom/unge vaksne skal bli buande /kome attende til Vinje?
- Kva er viktig for at eldre/middelaldrande innbyggjarar, og innvandrarakar skal bli buande i Vinje?
- Kva skal til for å få hytteeigarar til å bli fastbuande i Vinje?
- Korleis kan verksemdar og kompetanseinstitusjonar bidra til å auke innbyggjartalet, og kva er viktig for at dei blir verande i kommunen?
- Korleis bør kommunen administrasjonen rigga seg for å bidra til eit auka innbyggjartal, og ta vare på dei som allereie bur her med omsyn til infrastruktur, tenestetilbod og haldningar?

Det er gjennomført 13 intervju og seks drøftingar med sentrale tilsette i kommuneadministrasjonen, næringsliv, kompetanseinstitusjonar og eldsjeler samt arbeidsverkstader med Ungdomsrådet 23.08.2021 sak 21/14² og Råd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 24.08.21 sak 21/11³. I tillegg er det gjennomført [litteratur- og tipssøk](#)⁴ knytt til

¹ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2020-15>

² [Saksnr \(vtds.no\)](#)

³ [Saksnr \(vtds.no\)](#)

⁴ <https://distriktssenteret.no/litteratur/tilgang-pa-boliger-i-distriktene-og-rekruttering-av-arbeidskraft/> og <https://distriktssenteret.no/artikkel/tilflyttings-og-rekrutteringsarbeid-i-distriktene-en-oppsummering-av-kunnskap/> og <https://www.solund.kommune.no/flytte-til-solund/>

tilflytting i distrikta, og ei elektronisk spørjeundersøking retta mot unge vaksne og hytteeigarar.

Gjennom detta arbeidet er det nokre hovudtema, som har utkrystallisera seg som viktige for å få auka folketal i Vinje t.d. arbeidsplassar, inkludering, bustadar, naturkvalitetar, grasrotengasjement, kompetanse, næringsutvikling, kommunikasjon, samspel og forankring. Desse hovudfunna skildrast nærare under [Satsingsområde](#) og [Tiltaksplan](#).

Overordna målsetjing og resultatmål

Overordna målsetjing:

Vinje utfordrar framtida og er ein god stad for alle

Resultatmål:

Innbyggjartalet har auka med 200 personar frå 2022 til 2028

Referansetal er (3 746 i 2.kvartal 2021, kjelde SSB.no⁵)

Vinje utfordrar framtida og er ein god stad å vere for alle

Vinje kommune sin visjon er «Vinje utfordrar framtida», og menneska i Vinje er den største ressursen ⁶. Dette er ein god visjon å strekkje seg etter for å nå målet om auka innbyggjartal.

Nasjonale føringar, lokale planar og prosjekt, som er viktige å sjå i samanheng med folkevekst er; FN's berekraftsmål, Fjell- og innlandsstrategien⁷, Kommuneplanen (areal- og samfunnsdel), Landbruksplan for Vinje, Kommunedelplan for Helse og omsorg 2017-2030, Bustadpolitisk plan 2015-2018, Næringsplan for Vinje kommune 2017-2021, Plan for klima og berekraft for Vinje kommune 2021, HelseSamArbeid prosjektet, COM 3 prosjektet og Småbrukprosjektet.

Satsingsområde

Folkevekst i Vinje er inndelt etter satsingsområde med tilhørande tiltaksplan.

Satsingsområda inneheld informasjon og fakta innhenta i kartlegginga knytt til korleis Vinje-samfunnet kan auke innbyggjartalet.

Følgande seks satsingsområde er identifiserte; Attraksjonskraft, Arbeidsplassar/ næringsutvikling og urbane kvalitetar, Bustadar, Inkludering og sosiale treffpunkt, Kontunitet, driv og samhandling og Økonomiske verkemiddel.

⁵ <https://www.ssb.no/kommunefakta/vinje>

⁶ [Kommuneplanens samfunnsdel 2016 - 2035 - VINJE KOMMUNE](#)

⁷ [Fjell- og innlandsstrategi - regjeringen.no](#)

Satsingsområda vert vekta likt, då alle områda spelar inn i kvarandre og kan bidra til fleire innbyggjarar i Vinje. Tiltak innan kvart satsingsområde er sett opp med prioritet i tiltaksplanen.

Attraksjonskraft

Vinje samfunnet inneheld mange kvalitetar. Det som peika seg mest ut, og som var samanfallande tilbakemeldingar frå intervju, spørjeundersøking og arbeidsverkstader var naturopplevingar, frisk luft, ski og turløyper, opplevinga av ro, levande kulturlandskap, og raskt internett.

«Naturen og klimaet, heimkjensla og identifiseringa med kommunen (språk, kultur), trygt og godt miljø, sidan me er få blir dei fleste sett» Ung bortebuande vaksen

«Naturen (og alle moglegheitene), små forhold, frihet, trygge omgivelser» - Ung bortebuande vaksen.

Andre positive moment som blei trekt fram i intervju og arbeidsverkstadene var ein offensiv og utviklingsorientert kommune, som tenkjer på Vinje som ein heilårsdestinasjon for turisme. Ressurssterke og hjelpsame/serviceinnstilte innbyggjarar, kulturtilbod og gode kommunale tenestetilbod/oppvekstvilkår, blei også vektlagde.

«Flott natur- Offensiv og frampå kommune» - Intervjuobjekt

Snøscooterløyper blei ikkje vurdert til å vere spesielt viktige for unge vaksne eller hytteeigarar i den elektroniske undersøkinga. På den andre sida syner intervju og samtalar at snøscooterløypene har verdi knytt til nyttekøyring og næringsinntekt for fastbuande. M.o.t opplevinga av ro, som ein viktig kvalitet i Vinje ligg det her ein motsetning.




Diagram 1. Kva unge vaksne set pris på ved å vere i Vinje. (Resultat frå spørjeundersøking 1= lite viktig og 6= svært viktig)

Kvalitetane som blei identifisert her bør brukast frametter i marknadsføringa av Vinje overfor potensielle tilflyttarar og i stillingsannonser.

Gjennom kartlegginga har det blitt identifisert 13 personar som er interesserte i å flytte til Vinje (63% av dei førespurde unge vaksne). Åtte av dei er unge vaksne, fire er hytteeigarar og ein fråflytta vaksen.




Diagram 2. Unge vaksne som er interessert i å flytte tilbake etter fullført utdanning/arbeid ein annan stad. (Resultat frå spørjeundersøking med 46 respondentar)

I tillegg til dette så har to unge vaksne og fem hytteigarar uttrykt ynskje om å flytte til Vinje, men desse har me ikkje kontakt info til.

«Då det er mange som flyttar ut for å studere, trur eg mitt beste tips vil vera å kontakte desse personane direkte. Kan til dømes vera ein uformell telefonsamtale nokre år ut i studieløpet der ein høyrer om planane vidare og kva kommunen eventuelt kan tilby av relevant arbeid. Om kommunen i tillegg kan vera behjelpelig med å finne/tipse om bustad trur eg dette kunne vore positivt. Eg trur ein slik 10 min samtale ville fått studentane til å føle seg ynskja og ein ville fått ein personleg samtale med kvar enkelt om kva som måtte til for at dei skulle flytta heim» -Ung vaksen i arbeid, som ynskjer å flytte heim til Vinje

Heimesida til Vinje kommune inneheld mykje nyttig informasjon, men opplysningar knytt til det å flytte til/vere ny i Vinje er ikkje lett tilgjengeleg. Nabokommunen Tokke⁸ og Årdal⁹ kommune har løyst dette på ulikt vis, og dette kan ha overføringsverdi til vår eiga heimeside.

«Lag et innbyggertorg hvor dere «selger» alle tjenestene dere har. Driv oppsøkende virksomhet på alle arenaer. Lag sosiale setninger hvor dere rekrutterer» - Hytteeigar, som ynskjer å flytte til Vinje jobbar pt. innan undervisning, og er både sjukepleiar og lærar (41-55 år)

Forstudie Folkevekst i Vinje har avdekt, at opplysning og informasjonskanalar er viktige verkemiddel for å nå gjennom til kommunens innbyggjarar og potensielle tilflyttarar. Fleire av intervjuobjekta har framheva viktigeita av å ha informasjon på engelsk. Det er avgjerande at kommunen legg opp til eit godt opplysningsarbeid.

Arbeidsplassar/næringsutvikling og urbane kvalitetar

I juni 2021 la regjeringa fram Fjell og innlandsstrategien. Strategien byggjer på oppmodingane frå *Distriktsnæringsutvalet* og *Demografiutvalet*, og oppmodingane frå *Ungdommens distriktspanel*. Fjell og innlandsstrategien legg vekt på næringsutvikling, og korleis berekraftig bruk av naturressursar kan gje positive ringverknader i lokalsamfunna.

Ungdommens distriktspanel er opptatt av at nærleik til naturen må få større tyding i arbeid med lokal samfunnsutvikling. Dei meiner det bør takast omsyn til auka rekreasjon, busetjing og næringer, særleg primærnæringer¹⁰.

Turisme og landbruk er sentrale næringer i Vinje, og kartlegginga syner at det er vilje til å utvikle desse i ei berekraftig retning.

⁸ [Ny i Tokke - TOKKE KOMMUNE](#)

⁹ <https://www.ardal.kommune.no/> og [Ditt Årdal - Ditt Årdal \(dittardal.no\)](https://www.dittardal.no/)

¹⁰ <https://ungdomspanel.distriktsenteret.no/>

«Miljø må ein alltid ta med, då det er mykje meir framme i panna særleg hjå dei yngre. Og det er super viktig. Samstundes trur eg det kan vera business i dette, og kanskje søkje etter verksemder som kan dette, og vurdere moglegheitene» -Intervjuobjekt

Arbeidsplassar: Resultata i forstudie syner at arbeid er særst viktig for å få nye innbyggjarar til Vinje. Unge vaksne ynskjer eit breiare utval av stillingar og fleire høgteknologiske verksemder. Ei undersøking frå ei verksemd i Vinje understrekar at dette også kan gjelde dei som allereie bur i Vinje. Ein meir variert arbeidsmarknad kan gje innbyggjarane betre karrieremoglegheiter.

Samarbeidet som nå gjeng føre seg mellom Raulandsakademiet, Universitetet Sørøst-Noreg (USN) campus Rauland og Vinje kommune kan resultere i etablering av samlingsbasert spesialpedagogiske kurs, og dermed gje eit etter- og vidareutdanningstilbod i Vinje. Dette kan igjen føre til eit breiare jobbtillbod og få tilflyttarar til Vinje.

«Det held ikkje berre med natur. Mangfaldig næringsliv er avgjerande- Ikkje for einsidig satsing på hytteutbygging» - Intervjuobjekt

Næringsutvikling: Fleire av intervjuobjekta trekker fram Vinje kommune som ein utviklingsorientert næringskommune, der det er kort veg til rett kontaktperson. Døme på dette er realisering av høgteknologisk landbruk (robotfjøs) og samling av spesialhelsetenester. Kartlegginga har også avdekt ynskje om eit meir fysisk nærvær frå den politiske leiinga ute hos verksemdene.

Innan innhenting av spisskompetanse syner intervjua at kompetansepersonell innan t.d. marknadsføring, design og produktutvikling, helse, IT og ingeniørfag er ei utfordring. Gjennom COM3 prosjektet har næringsverksemdene også uttrykt at det er krevjande å rekruttere spisskompetanse til sine verksemder.

«Berekraftsmåla blir alltid lagt til grunn, auka kompetanse om dette er naudsynt» –Intervjuobjekt

Heile 25 % av dei 155 responderande hytteigarane er interessert i å bidra med sin kompetanse inn i styreverv, som arbeidstakar, rettleiing etc. Tre av desse er identifisera.




Diagram 4. Hytteeigarar som er interessert i å bidra med si kompetanse t.d. inn i styrevern, som arbeidstakar, rettleiing etc. (Resultat frå spørjeundersøking med 155 respondentar)

Dei vidaregåande skulane er viktige rekrutteringskanalar for lærlingar til verksemdene og helsesektoren, og det er ynskjeleg både frå dei unge vaksne og verksemdene å styrke detta arbeidet. Den elektroniske spørjeundersøkinga har avdekt fire unge bortebuande vaksne som er interessert i feriejobb, praksisplass eller lærlingplass i Vinje. To av desse er identifisera.

Urbane kvalitetar: Resultata frå intervju og spørjeundersøkinga syner behov for å stimulere til entreprenørskap og etablere kontor- og verkstadsfellesskap i bygdesentra. Det kan her leggjast til at mange av studentane ved USN campus Rauland uttrykkjer ønske om å bli verande i Vinje etter slutførde studiar.

«Kontorlandsskap/næringshage. Det er mange som kan tenke seg å flytte heim til Vinje, men halde på jobben sin i ein storby. Eit felles lokale å arbeide frå i Vinje kan lette på sosiale utfordringar med fjernkontor» -Ung vaksen arbeidstakar, som ynskjer å flytte heim til Vinje

Når det gjeld andre urbane kvalitetar syner forstudie at det er viktig å leggje til rette for påfyll av fossilfritt drivstoff, betre kollektivforbindelse til og frå Åmot, prøvebustadar i bygdesentra, gang- og sykkelveggar og sosiale møteplassar som t.d. kaffibarar i bygdesentra.




Diagram 5. *Kva unge vaksne synast Vinje kommune bør gjere for å leggje til rette for auke i folketalet med omsyn til infrastruktur, tenestetilbod og haldningar (Resultat frå spørjeundersøking 1= lite viktig og 6= svært viktig)*

Bustadar

Tilgangen på ledige bustadar i Vinje er utfordrande. Situasjonen er mest prekær på Rauland og i Åmot. Både USN campus Rauland og Rehabiliteringssenteret AiR meldar om behov for bustadar til høvesvis studentar og tilsette. I september 2021 var det 11 studentar, som overnatta på madrass kring campus Rauland, og mange av dei skal vera her i fem år. USN campus Rauland rekrutterer studentar frå heile landet. I år er det 150 studentar, og talet har dobla seg på fem år- og det er venta å auke. Gjennom COM3 prosjektet har næringsverksemdene også uttrykt behov for fleire tilgjengeleg bustader for sine tilsette.


«Bustad er akilleshælen til distrikt Noreg» - Intervju objekt

Enkelte av dei som ynsker å flytte til Vinje, er på jakt etter små gardsbruk, og det blir no arbeidd med å kartleggje eigedomar som ikkje har fast busetting, for å sjå om eigarane er viljuge til å selje eigedomen¹¹.

¹¹ Småbruksprosjektet gjennom Vest-Telemarkrådet

Det er kommunale bustadfelt i dei tre tettstadene (Åmot, Rauland og Haukeli-Edland), kommunen har ei positiv haldning til frådelling av bustadtomter i grendene og utanfor (inkl. dispensasjonar)

Vinje kommune har opna for bruksendring frå hytter til bustad. I den elektroniske spørjeundersøkinga er det registrert 10 hytteeigarar, som er interessert i å selje/leige hytta til nokon som ynskjer å bu i Vinje. Fire av desse har me fått kontaktinfo frå.



Tabell 3. *Hytteeigarar som er interessert i å selje/leige hytta til personar som ynskjer å bu i Vinje.* (Resultat frå spørjeundersøking med 155 respondentar)

Kartlegginga har avdekt ynskje om ein miks av leilegheiter i bygdesentra til ein rimeleg pris og utleige, testing av mikrohus og prøvebustader. Det kan også vere rom for å realisere sambygging av leilegheiter mellom ulike verksemdar t.d. AiR og USN.

Inkludering og sosiale treffpunkt

I distrikta er det ikkje alltid så enkelt å vere litt annleis enn majoriteten av befolkninga - ei heller å vere ny på ein liten plass. Tilbakemeldingar frå intervju, spørjeundersøking og arbeidsverkstader syner at det er viktig å styrke innsatsen for eit meir raust Vinjesamfunn. Både Ungdomsrådet og Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsemne tilrår å markere Pride for å synleggjere verdsetting av mangfald i Vinje.

Når det gjeld arbeid for å inkludere nye tilflyttarar og ta vare på dei som allereie bur i Vinje, så viser kartlegginga at direkte kontakt og sosial treffpunkt er avgjerande.

«Sosiale møteplassar er viktig. Møteplassen i Åmot forsvann etter hotellbrannen» -Intervjuobjekt

Deltaking i frivillig arbeid er ein fin inngangsport for å få vener i lokalsamfunnet og byggje bru mellom innbyggerane og hytteeigarane. Det gjev også unge bortebuande vaksne moglegheit til å halde kontakten med gamle vener.

I den elektroniske spørjeundersøkinga har det blitt registret 28 hytteeigarar og sju unge vaksne, som er interessert i å delta i frivillig arbeid. Alle dei unge vaksne har me fått kontaktinfo frå.

«Ta vare på unge vaksne og foreldra - Lag arena kor dei kan møtast og ta direkte kontakt med nye tilflyttarar» - Intervjuobjekt

«Hyttefolk er ein ressurs» - Intervjuobjekt

Forstudie har avdekt behov for t.d. «Vinjefadrar», koordinerte opningstider for butikkar/kafear i bygdesentra, «bli kjend tur» for nye innflyttarar, treningscenter og ungdomsklubbar(unge vaksne).

Kontinuitet, driv og samhandling (gjennomgripande)

I Vinje har det vore gjennomført fleire prosjekt som har hatt som mål å auka innbyggjartalet, t.d. Heim att, Øyfell City og Liv i Vinje. Heim att sprang ut frå ei sentral satsing på distrikts-Norge, mens dei to andre i hovudsak blei initierte av lokalt engasjement.

Gjennom kartlegginga har det kome fram fleire døme på positive synergjar mellom verksemdar, kommunen og det frivillige, som igjen gjer nytte for Vinje samfunnet t.d. eit prosjekt AiR har med NOF (Noregs Orienteringsforbund), der det lokale idrettslaget er deltagande. Tilbodet utviklast primært for deltakarane på AiR, men no får innbyggjarane også glede av det. Det same gjeld samarbeid kring ljosløypene i Vinje, der kommunen samarbeider med idrettslag. Den frivillige innsatsen for auka trivsel for innbyggjarane og tilflyttarar i Vinje er særskild viktig, og «Liv i Vinje» er eit godt døme på dette.

Forstudiet syner at lokale eldsjeler er avgjerande for å utvikle eit bygdesenter, og skape gode møteplassar for tilflyttarar. Det kan også hjelpe med ein liten porsjon «galskap», og feiring av sigrane. Samstundes bør kommunen stille med eit ope sinn til slike initiativ.

«Eldsjelene avgjerande, og det er viktig å heie på slike initiativ»-Intervjuobjekt

Resultata frå intervju med verksemdar, eldsjeler og kommunalt tilsette er eintydige når det gjeldt viktigheita av kontinuitet, driv og samhandling i arbeide med å auka innbyggjartalet i Vinje. For å sikre politisk forankring har det kome innspel om at eit politisk utval bør eige arbeidet med folkevekst i Vinje.

«Viktig å oppretthalde arbeid med folkevekst over tid, og ha vedvarande fokus. Alle bør bli en ambassadør for egen kommune»- Intervjuobjekt

Den elektroniske spørjeundersøkinga og intervjuet syner interesse for å delta i eit innbyggjarpanel, noko som kan styrke kommunen sin nærleik og dialog med innbyggjarane og potensielle tilflyttarar. 18 personar er interessert i å delta, kor av tre er unge vaksne, åtte hytteeigarar og sju intervjuobjekt.

Eit anna døme på å sikre at arbeid har kontinuerlig fokus, er å etablere ei kommune-administrativ «sjekkliste», der ein sjekkar ut om dei ansvarlege for arbeidet har nådd

måla/gjennomført tiltaket som er sett. Ei slik liste kan gjere det oversiktleg å sjå kva tiltak som har gjeve ønska effekt, kva tiltak ein må jobbe meir med for å nå målet og om det er mogleg å sikre midlar til detta innfor kommunens økonomiske rammer.

Økonomiske verkemiddel (gjennomgripande)

Å drive næring i tynt busette område og hente inn nødvendig kompetanse, kan vere krevjande. Og det er kostbart for unge vaksne å komme seg inn på bustadmarknaden.

Forstudie syner at det er positive ting på gang for å betre desse tilhøva, og noko er allereie iverksett som t.d. kommen sin stipendordning for sjukepleierar under utdanning.

Koronapandemien har ført til auka bruk av digitale betalingsformer, og resultert i nye inntektskjelder for grunneigarar og turistnæringa som t.d. innkrevjing av parkeringsavgift via Vipps ved badestranda Fagersand i Rauland.

Det har vore eit aukande trykk på å satsa på distrikta i Noreg, og det er svært sannsynleg at det framover vert lyst ut nasjonale prosjektmidlar som Vinje kommune kan søkje på.

Intervju og drøfting med verksemder og kommunalt tilsette har avdekt ynskje om t.d. bankgaranti til bustad for unge etablerarar, finansiering av ein «Vinjeambassadør», stønad til drift og investering i skiheisanlegg i Vinje og kommunal støtte til frikjøp av tilsette i private små verksemder for deltaking i Næringsforum.

Oppsummering av satsingsområda

Funna innunder satsingsområda, syner gode moglegheiter for å auke innbyggjartalet i Vinje.

Attraksjonskraft, grasrotengasjement, inkludering, tilgjengelege bustadar, næringsutvikling og samspel verkar avgjerande for å nå målet.

Dei gjennomgripande satsingsområda *Kontinuitet, driv og samhandling* og *Økonomiske verkemiddel* synast avgjerande for å lykkast med å auke innbyggjartalet i Vinje.

Særs mange tiltak har kome fram under dei ulike satsingsområda, og desse utgjer ein rikhaldig meny for å nå målet. Tiltaka blir skildra i tiltaksplanen, der dei også blir vekta m.o.t effekt, innsats og FN's berekraftsmål.

Tiltaksplan

Saman med innbyggjarar, verksemder, hytteeigarar og akademia, har forprosjektet avdekt svært mange tiltak som kan gjennomførast for å ta vare på dei som allereie bur her, samt å få fleire til å flytte til Vinje.

Dei ulike tiltaka innunder kvart satsingsområde er vekta m.o.t kor sannsynleg dei vil gje størst/ønska effekt med minst mogleg innsats. I samband med rulleringa av Vinje sin samfunnsdel, der FN's berekraftsmål skal innarbeidast, blir desse måla også vektlagde i prioriteringa av tiltak.

Tiltaksplanen syner kva som kan gjerast, kven som har ansvaret for gjennomføring, andre involverte og når det bør gjennomførast.

Av tiltak som scorar best er det tiltak som femner om ei satsing innanfor oppfølging av unge vaksne og hytteeigarar som ynskjer å busetta seg her, attraksjonskraft, utvikling av studietilbod og bustader ved USN- campus Rauland og stimulering av frivillig arbeid som t.d. «Liv i Vinje».

Namna på tenestekområda som nyttast er følgande;

Helse og Meistring (HM) – Tidlegare Kjøkendrift og Helse og omsorg

Kultur, Næring og Fritid (KNF) - Tidlegare Kultur og Næring

Organisasjon og Innovasjon (OI) – Tidlegare Fellestenesta

Oppvekst (O) – Tidlegare skular, barnehagar og oppvekstsenter

Plan, Økonomi og Berekraft (PØB) - Tidlegare Økonomi, Plan og Utvikling

Teknisk Drift og Infrastruktur (TDI) - Tidlegare Reinhald og Tekstil og Teknisk Drift og Vedlikehald



| Pri ¹² | Nr | Tiltak | Om tiltaket/korleis | Når | Deltakarar | Ansvarleg |
|-------------------|-----|--|--|---------------|----------------------------------|-----------|
| 1 | 1.1 | Oppfølging av potensielle tilflyttarar (unge vaksne) innhenta i forstudie | -Uformell telefonsamtale/e-post til unge vaksne frå kartlegginga. Spørje og informere om kva Vinje kan tilby. | Des 2021 | KNF og OI | OI |
| 2 | 1.2 | Oppfølging av potensielle tilflyttarar (hytteeigarar) innhenta i forstudie | -Uformell telefonsamtale/e-post til hytteeigarar og fråflytta vaksen frå kartlegginga. Spørje og informere om kva Vinje kan tilby. | Des 2021 | KNF og OI | OI |
| 3 | 1.3 | Vinje si heimeside og stad for «Ny i Vinje» | -Knytte saman informasjon, som er interessant for nye innbyggjarar på eiga heimeside (sjå til Tokke :-), og lage ein engelsk versjon. | Des 2021 | KNF, PØB, Oppvekst (O), HM og OI | OI |
| 4 | 1.4 | Marknadsføring/Rekrutteringskampanje | -Implementere funna i forstudien i arbeide til Relocate AS, og marknadsføre Vinje sine kvalitetar i ulike digitale kanalar og stillingsannonser. | Jan 2022-2023 | Relocate, KNF, og verksemder | Rådmann |
| 9 | 1.5 | Tilflyttarkontor | Vurdere kost nytte knytt til etablering av eit eige fysisk tilflyttar kontor | 2023 | KNF, OI og | KNF |
| 5 | 1.6 | Plan for vidare oppfølging potensielle tilflyttarar | Oppsummere informasjon innhenta frå dei uformelle førespurnadane, og knytte dei saman med arbeidet til Relocate. | 2022 | KNF, PØB og OI | KNF |

¹² Pri = Prioritert, gjennomføring prioritert numerisk.

| | | | | | | |
|----|------|---|---|--------------------------|--------------------------|----------------|
| 8 | 1.7 | Eiga nettside/portal for dei som ynskjer å flytte til Vinje | Evaluere bruken av eiga nettside for potensielle tilflyttarar. | 2024 | Relocate, KNF og OI | OI |
| 7 | 1.8 | Stolt av/Glad i Vinje | Bevisstgjerung knytt til å vere stolt av Vinje. Legge til rette for ein felles kultur t.d. ved «å selje» Vinje ved førespurnader til kommuneadm. | 2022-2024 | Alle einingane | Rådmann |
| 6 | 1.9 | Digitale møtearenaer for personar som ynskjer å flytte til Vinje og dei som bur her. | Opprette t.d. ei Facebook gruppe, som kan vere møtearena for tilflyttarar og lokalsamfunnet. | 1 og 2 kvartal 2022-2024 | OI, KNF, PØB og Relocate | OI |
| 10 | 1.10 | Evaluere attraksjonskrafta til Vinje | Vurdere og evaluere kvalitetar som er motstridande. | 2024-2025 | KNF, PØB, OI og Relocate | Rådmann |



| Pri ¹³ | nr | Tiltak | Om tiltaket/Korleis | Når | Deltakarar | Ansvarleg |
|-------------------|-----|---|--|-----------|--|-------------|
| 2 | 2.1 | Utvikle nye fagmiljø og arbeidsmetodar innan helse og omsorg | Samarbeide med andre kommunar og verksemdar, og byggja vidare på miljøa som er i Vinje. | 2021-2028 | Nabo kommunar, verksemdar, HM og OI | HM |
| 3 | 2.2 | Etablere samlingsbaserte etter- og vidareutdanningskurs | Samarbeide med Raulandsakademiet og USN, om å utvikle samlingsbasert spes.ped kurs og andre etter- og vidareutdannings tilbod «Community college». | 2022-2028 | KNF, Oppvekst (O) og USN | Ass.rådmann |
| 11 | 2.3 | Synleggjere høgteknologiske verksemdar i Vinje og Vest Telemark | Felles marknadsføring inkl. kvalitetane til Vinje via kampanjen til Relocate. | 2022-2024 | KNF, PØB, Oppvekst (O) HM og OI | KNF |
| 4 | 2.4 | Berekraftig reisemål | Ta initiativ til og bidra til at Vinje inngår i den standardiserte merkeordninga <i>Berekraftig Reisemål</i> , slik som nabokommunen Tinn er. | 2022 | Turistnæringa, frivillige og KNF | KNF |
| 10 | 2.5 | Etablere ei line for berekraft og tradisjonsmat | Bidra til å starte ei line for tradisjonsmat og berekraft t.d. ved USN-Campus Rauland for personar utan fagbrev men med vgs. | 2022-2028 | USN/ Raulands akademiet, KNF og Oppvekst (O) | Ass.rådmann |
| 12 | 2.6 | Rekruttere kompetansepersonell | Samarbeide med nabokommunane om felles «hovudjakt» framstøyt for arbeidskraft innan t.d. marknadsføring, | 2022-2024 | Verksemdar i Vinje, nabo | KNF |

¹³ Pri = Prioritert, gjennomføring prioritert numerisk.

| | | | | | | |
|----|------|---|---|--------------|--|------------|
| | | | designe og produktutvikling, helse, IT og ingeniører Nytta kampanjen til Relocate i samråd med NAV. | | kommunar, OI KNF og NAV | |
| 15 | 2.7 | Fysiske besøk til verksemder i Vinje | Oppfølging (sjå næringsplanen) | Kontinuerlig | KNF og politisk leing | KNF |
| 5 | 2.8 | Hente kompetanse frå hytteeigarar kartlagd i forstudie | Bruke hyttevelforeiningane til å hente inn ytterlegare kontakt info, og sjekke ut om det er fleire som er interessert i å bidra med sin kompetanse i Vinje kommune. | 2022 | OI og KNF | KNF |
| 1 | 2.9 | Hente inn lærlingar, praksisarbeidarar frå dei unge vaksne kartlagd i forstudie | Uformell telefonsamtale/e-post til unge vaksne frå kartlegginga. Spørje, og informere om mogleg framgangsmåte. Utarbeid plan for vidare oppfølging. | 2021-2020 | OI og KNF | KNF |
| 9 | 2.10 | Felles rekrutteringskanal retta mot vidaregåande skuler, høgskular og universitet. | Koordinere marknadsføring av moglege praksis- og lærlingplassar i Vinje. Nytta kampanjen til Relocate. | 2022-2024 | Private verksemder i Vinje og KNF | KNF |
| 6 | 2.11 | Leggje til rette for entreprenørskap | Gjennomføre ideverkstad med verksemder og gjere lokale tilgjengelege for entreprenørar. <i>Sjåast i samanheng med tiltak verkstad- og kontorfellesskap</i> | 2022-2028 | Private verksemder i Vinje, USN, KNF, OI, og ØPB | KNF |
| 13 | 2.12 | Turnustenester | Vurdere om det er mogleg å samarbeide med andre aktørar t.d. kring turnusteneste for fysioterapeutar. | 2022-2028 | HM | HM |
| 8 | 2.13 | Fleire heiltidsstillingar | Samarbeide med nabokommunar om å få fleire heiltidsstillingar Sjå heile kommuneorganisasjonen som ein eining, og t.d. fyller opp stillingar/dela | 2022-2028 | HM og tillitsvalde /fagforeiningar | HM |

| | | | | | | |
|----|------|--|---|-----------|--|----------------|
| | | | fagarbeidarar mellom skule og andre einingar. | | | |
| 20 | 2.14 | Desentralisering av viktige samfunnsoppgåver | Jobbe for desentralisering av viktige samfunnsoppgåver/arb. plassar. | 2022-2028 | Rådmann og politisk leiing | Rådmann |
| 15 | 2.15 | Fysiske seminar/samlingar for verksemder i Vest Telemark | Leggje til rette og koordinere samlingar mellom t.d. helse, akademia, teknologi og kultur verksemder frå nabokommunane for sosialt og faglig påfyll. | 2022-2028 | KNF, OM og OI | KNF |
| 7 | 2.16 | Verkstad- og kontorfellesskap i bygdesentra | Leggje til rette for og realisere verkstad- og kontorfellesskap, gjerne eit berekraftig signalbygg. Tilby kontor-/verkstadplass i ledige kommunale lokale. | 2022-2028 | KNF, HM, TDI PØB og verksemder i Vinje | PØB |
| 14 | 2.17 | Tilgang til fossilfritt drivstoff t.d. el, biodrivstoff og hydrogen | Leggje til rette for el lading og påfyll av biodrivstoff og hydrogen. Følgje opp H ₂ samarbeidsprosjektet med Kviteseid kommune. | 2022-2028 | KNF, TDI, Kviteseid kommune og ØPB | PØB |
| 17 | 2.18 | Kollektivforbindelsar til og frå Vinje | Samarbeide for å betre bussforbindelsane mot Oslo, Bergen, Kr. sand og Grenland. Arbeide for høgfartsbane over Haukeli. | 2022-2028 | KNF, PØB, frivillige org. og politisk leiing | Rådmann |
| 16 | 2.19 | Kaffibarar, serveringsstader, treningsstader i bygdesentra | Leggje til rette for etablering av Kaffibarar, treningsstader og serveringsstader t.d. på hotelltomta i Åmot. | 2022-2028 | KNF, PØB, TDI | PØB |
| 19 | 2.20 | Gang- og sykkelveggar i bygdesentra | Halde fram med arbeide for etablering av g/s veg langs kommunale-, riks- og fylkesveggar i bygdesentra. | 2022-2028 | ØPB, TDI, Rådmann, pol. leiing og frivillige org. | Rådmann |
| 18 | 2.22 | Internett- og breibanddekning | Vere i front i høve til raskt internett og god breibanddekning. | 2022-2028 | KNF og rådmann | Rådmann |



| Pri ¹⁴ | Nr | Tiltak | Om tiltaket/Korleis | Når | Deltakarar | Ansvarleg |
|-------------------|-----|---|--|--------------|-------------------------------|-------------|
| 1 | 3.1 | Naudløysingar for studentar utan husvære ved USN-Campus Rauland | -Fylgje opp kontaktar og løysingane som er på gang på Rauland. | Des 2021 | USN og overnattingsverksemdar | Ass.rådmann |
| 2 | 3.2 | Leggje til rette for ein miks av leilegheiter i bygdesentra | Bør prioriterast i kommuneplanen, vere i tråd med bustadpolitiskplan, Klima og berekraftsplanen, og støtta opp under pågåande lokalt engasjement i bygdesamfunna. | 2021-2022 | KNF, PØB og frivillige | PØB |
| 3 | 3.3 | Konvertere hytter til bustadar | -Uformell telefonsamtale/e-post til hytteeigarar frå kartlegginga. Spørje, og informere om mogleg framgangsmåte for leige/selje av hytter. - Bruke hyttevelforeiningane til å innhente ytterlegare kontaktinfo, og sjekke ut om det er fleire som er interessert. | Des 2021 | PØB og KNF | PØB |
| 6 | 3.4 | Leilegheiter finansiert av private og offentlege aktørar | Stimulere og leggje til rette for samarbeid mellom private og offentlege aktørar for bygging av leilegheiter. | 2021-2022 | KNF og PØB | PØB |
| 7 | 3.5 | Mikrohus | Leggje til rette for og delta i uttesting av berekraftige mikrohus. | 2022-2024 | KNF og PØB | PØB |
| 4 | 3.6 | Småbrukprosjektet | Følgje opp og delta aktivt i det interkommunale småbrukprosjektet. | 2022- 2028 | KNF, PØB, Vest-Tel.rådet | KNF |
| 5 | 3.7 | Fysiske besøk til unge vaksne gardbrukarar i Vinje | | Kontinuerleg | KNF og politisk leiing | KNF |

¹⁴ Pri = Prioritert, gjennomføring prioritert numerisk.

INKLUDERING OG SOSIALE TREFFPUNKT



| Pri ¹⁵ | Nr | Tiltak | Om tiltaket/Korleis | Når | Deltakarar | Ansvarleg |
|-------------------|-----|--|--|-----------|--|-------------------------|
| 1 | 4.1 | Pridearrangement | Samarbeide med dei andre Vest-Telemark kommunane, og koordinere eit årleg Pride arrangement/markering i Vinje | 2022-2028 | Ungdomsrådet, Kommunestyret og frivillige lag og foreiningar | KNF |
| 2 | 4.2 | Oppfølging av bortebuande unge vaksne som er interessert i å delta i frivillig arbeid | Uformell telefonsamtale/e-post til unge vaksne frå kartlegginga. Spørje, og informere om mogleg framgangsmåte. | Des 2021 | KNF og OI | OI |
| 3 | 4.3 | Oppfølging av hytteeigarar som er interessert i å delta i frivillig arbeid | -Uformell telefonsamtale/e-post til hytteeigarar frå kartlegginga. Spørje, og informere om mogleg framgangsmåte. - Bruke hyttevevforeiningane til å innhente ytterlegare kontaktinfo, og sjekke ut om det er fleire som er interessert. | Des 2021 | KNF og OI | OI |
| 4 | 4.4 | Plan for vidare oppfølging for inkludering av bortebuande unge vaksne og hytteeigarar i frivillig arbeid. | Oppsummere informasjon innhenta frå dei uformelle førespurnadane, og leggje til rette for inkludering. Implementerast i Relocate sitt arbeid | 2022 | KNF, PØB, OI, Relocate | KNF |
| 5 | 4.5 | Vinjefadrar i bygdesentra | Kurse rause/inkluderande innbyggjarar i vertskapsrolla. Ha ein ansvarleg i Vinjeambassadør i kom. adm. | 2022-2028 | KNF, OI, HO og frivillige lag | KNF, ass rådmann |
| 12 | 4.6 | Felles opningstider for butikkar og kafear i bygdesentra | Stimulere og leggje til rette for felles opningstider. | 2022-2024 | KNF, HM | KNF |

¹⁵ Pri = Prioritert, gjennomføring prioritert numerisk.

| | | | | | | |
|----|------|---|---|-----------|---|----------------|
| | | | | | Handels- og servicenæringa | |
| 7 | 4.7 | Bli kjend med Vinje (samling for nye innflyttarar) | <p>Arrangere årleg samling med t.d. servering, info om kommunen frå ordførar mfl.</p> <p>«Bli kjent med den nye innflyttaren» i VT blad og/eller på kommunen si heimeside.</p> <p>Leggje til rette for busstur i Vinje for å bli kjend i kommunen og med kvarandre (studentar, nye innflyttarar).</p> | 2022-2028 | KNF, HM, Frivillige, verksemder i Vinje, ordførar | Rådmann |
| 9 | 4.8 | «Velkomstpakke» til nye innbyggjarar | <p>Sende ut velkomsthelsing med t.d. info om Vinje, lokalprodusert mat, gåvekort frå handelsnæringa, kulturarrangement, etc.</p> | 2022-2028 | OI og KNF | OI |
| 6 | 4.9 | Arrangement for heimebuande og bortebuande unge vaksne | <p>Stimulere og leggje til rette for arrangement t.d. i Vinje huset eller USN i jola og/eller i påska.</p> | 2022-2028 | KNF, USN ungdomsrådet, frivillige, verksemder | KNF |
| 10 | 4.10 | Treningssenter og ungdomsklubbar | <p>Leggje til rette for aktive treningssenter og ungdomsklubbar i bygdesentra.</p> | 2022-2028 | KNF, TDI, HM | HM |
| 11 | 4.11 | Marknads dagar | <p>Bidra til og samarbeide med turistnæringa og landbruket kring årlege marknadsarrangement.</p> | 2022-2028 | KNF, frivillige, turistnæringa og landbruket | KNF |
| 8 | 4.12 | «Brubyggjartreff» | <p>Leggje til rette for/arrangere eit sosialt treff mellom verksemder, turistnæringa, hytteeigarar, landbrukerar, USN mfl. på tvers av bygdesentra i Vinje.</p> | Årleg | HM, KNF, PØB | KNF |

KONTINUITET, DRIV OG SAMHANDLING (GJENNOMGRIPANDE)



| Pri ¹⁶ | Nr | Tiltak | Om tiltaket/Korleis | Når | Deltakarar | Ansvarleg |
|-------------------|-----|--|--|-----------|--|----------------|
| 1 | 5.1 | Forankring og eigarskap | <ul style="list-style-type: none"> - Sikre involvering og medverknad frå topp til botn i kommune adm. og kom. styret. - Syte for forankring av Folkevekst i Vinje i overordna kommunale planar og handlingsplanar t.d. samfunnsdelen. kommuneplanen, bustadsosial plan, kom.plan for Helse og omsorg. - Årleg politisk handsaming av status for folkevekstarbeidet - Sikre involvering og medverknad frå verksemder, akademia og frivillige lag og foreiningar | 2021-2028 | Alle einingane, kom.styret og råd. Verksemder og frivillige lag. | Rådmann |
| 8 | 5.2 | Synleggjering av innbyggartalet | Vurdere ulike måtar å synleggjere status for innbyggartalet på ein positiv måte. | 2022-2023 | KNF, OI og ØPB | Rådmann |
| 5 | 5.3 | «Brubbyggjartreff» | Leggje til rette for/arrangere eit sosialt treff mellom verksemder, turistnæringa, landbrukerar, USN mfl. på tvers av bygdesentra i Vinje | Årleg | HM, KNF, PØB | KNF |
| 7 | 5.4 | Folkevekst pris til frivillig/eldsjeler | Utgreie kriterier ein folkevekst pris til eldsjeler og frivillige lag og foreiningar Dele ut ein årleg Folkevekstpris | 2022-2028 | KNF, PØB Kommunestyret | Rådmann |
| 2 | 5.5 | Stolt av/Glad i Vinje | Bevisstgjerjing knytt til å vere stolt av Vinje. | 2022-2024 | Alle einingane | Rådmann |

¹⁶ Pri = Prioritert, gjennomføring prioritert numerisk.

| | | | | | | |
|---|-----|--|---|-----------|---------------------------------|----------------|
| | | | Legge til rette for ein felles kultur t.d. ved «å selje» Vinje ved førespurnader til kommune adm. | | | |
| 6 | 5.6 | Innbyggjarpanel | -Uformell telefonsamtale/e-post til personar identifisera frå kartlegginga. Spørje, og informere om mogleg framgangsmåte. - Bruke hyttevevforeiningane til å innhente ytterlegare kontaktinfo, og sjekke ut om det er fleire som er interessert. - Utreie etablering og drift av eit innbyggjarpanel. | 2022 | PØB, KNF og OI | KNF |
| 4 | 5.7 | Bindeledd/navlestreng for dei unge vaksne | Oppretthalde kontakt med dei unge vaksne som flytter ut. Ha dialog og halde dei orientert og vise at dei betyr noko. - Nytte Relocate sine digitale møteplassar, telefon og SoMe som kommunen allereie brukar | 2022-2028 | KNF, HM, Oppvekst (O) og OI | OI |
| 3 | 5.8 | Sjekkliste for framdrift og måloppnåing | Utarbeide og bruke ei kommune administrativ sjekkliste, der ein sjekkar ut om dei ansvarlege for arbeidet har nådd måla/gjennomført tiltaket som er satt. Ei slik lista kan gjere det oversiktleg å sjå kva tiltak som har gjeve ønska effekt og kva tiltak ein må jobbe meir med for å nå målet. Og om det er mogleg å sikra midlar til detta innan for kommunens økonomiske rammer. | 2022-2028 | HM, Oppvekst (O),OI, KNF og PØB | Rådmann |



| Pri ¹⁷ | Nr | Tiltak | Om tiltaket/Korleis | Når | Deltakarar | Ansvarleg |
|-------------------|-----|---|---|-----------|--|----------------|
| 5 | 6.1 | Motverke utanforskap i bustadmarknaden | Utgreie alternative tilknytingsformer til bustadmarknaden. | 2022-2023 | HOM, KNF og PØB | HOM |
| 2 | 6.2 | Stipendordning for fleire yrkesgrupper enn sjukepleiarar | Vidareutvikle stipendordninga til personar under utdanning innanfor fleire yrkesgrupper (tilpassa behovet for ny arbeidskraft). | 2022-2028 | Alle tenesteområde | OI |
| 4 | 6.3 | Flytte til Vinje-kampanjen (studentar) | Vidareutvikle støtteordninga til studentar ved USN- campus Rauland, som melder flytting til Vinje kommune. | 2022-2028 | KNF, OI og USN | Rådmann |
| 7 | 6.4 | Utgreie moglege finansieringsordningar for frikjøp av næringsdrivande for deltaking på fysiske samlingar | Utgreie moglege finansieringsordningar for frikjøp av næringsdrivande i små verksemder for deltaking i fysiske samlingar (lokalt og regionalt). | 2022-2024 | KNF og PØB | PØB |
| 1 | 6.5 | «Vinjeambassadør» | Sikre midlar til ein dedikert person, som koordinerer og følgjer opp arbeidet med folkevekst i Vinje (2022-2028). <i>Sjåast i samanheng med tiltak under alle satsingsområda.</i> | 2022-2028 | KNF, OI og PØB | Rådmann |
| 3 | 6.6 | Nasjonale og regionale prosjektmidlar | Fylgje kontinuerlig med på lysing av nasjonale og regionale prosjektmidlar, og søke deltaking i prosjekt som stimulerer til busetting i distrikta - Gjerne i samarbeid med nabokommunar | 2021-2028 | HM, KNF, Oppvekst (O), OI og PØB Nabokommunar Verksemder i Vinje | Rådmann |

¹⁷ Pri = Prioritert, gjennomføring prioritert numerisk.

| | | | | | | |
|---|-----|---|---|-----------|-----------------|----------------|
| 6 | 6.7 | Kommunale stimuleringsmidlar til frivillig | Utgreie og evaluere moglege kommunale stimuleringsmidlar til frivillige som arbeider med inkludering i bygdesentra. | 2022-2023 | HOM, KNF og ØPB | Rådmann |
| 8 | 6.8 | «Heim for ein femtilapp» | Evaluere og innarbeide pilotprosjektet «Heim for ein femtilapp» i budsjettplanen, som ei permanent ordning for dei mellom 13-30 år i Vinje. | 2022 | KNF | Rådmann |
| 9 | 6.9 | Deltidsinnbyggjar | Vere ein pådrivar for å få avklara fordeling av inntekter frå deltidssinnbyggjarar. | 2022-2028 | ØPB, Kom.styret | Rådmann |

Følgjande berekraftsmål er viktige for tiltaksplanen:

(Sjå vedlegg 1. for nærare omtale)



Vedlegg

1. FN's berekraftsmål-mål og delmål
2. Ti råd frå ungdommens distriktspanel
3. Resultat frå kartlegginga 21.10.2021
4. Oppsummering Relocate Vinje Intervju og Workshop 1.
5. Framdriftsplan Relocate Vinje
6. Idébank for folkevekst i Vinje